

Kjære alle saman

Vi lever i ei tid der ein ofte må balansere dei kortsiktige behova med langsiktige tiltak. Akkurat nå for tida er vi vel alle mest opptatt av corona, smittevern og kohortar – men det er høgst sannsynleg at det som var utfordringar før pandemien vil vere det etter.

For heile verden er klimakrisa ei av vår tids største utfordringar. Vi må legge om til ei berekraftig utvikling som gjer det mogleg å ha eit livsmiljø på kloden på lang sikt. Vi må unngå at gjennomsnittstemperaturen aukar meir enn 1,5 grader – og vi må basere vårt forbruk og produksjon på fornybare råstoff. Vi må i fyste rekkje fase ut oljebaserte produkt, men også aktivt fjerne CO<sub>2</sub> frå atmosfæren. Skogen kan bidra til begge delar.

Samtidig med dette må vi skape verdiar. Norge har tilpassa seg eit svært høgt velferdsnivå. Vi er avhengig av høg verdiskaping, låg arbeidsløyse og eit positivt resultat på utenrikshandelen. Per i dag er dette mogleg gjennom ein høg aktivitet innan olje- og gassindustrien. Hit går brorparten av industri-investeringane og her er verdiskapinga per årsverk høg. Problemet er at denne næringa sannsynlegvis vil måtte fasast ned. Norge har gjennom Parisavtala forplikta seg til å kutte 55 % av nasjonale utslepp innan 2030. Med eit USA på full fart inn igjen i Parisavtala er det sannsynleg at også resten av verden vil auke sitt fokus på utsleppskutt, som i praksis inneber ein nedtrapping i forbruk av fossile energikjelder.

Omstilling frå fossilt til fornybart skaper mange nye moglegheitar for industriell produksjon. Men er vi i stand til å realisere det i Norge. Vi treng det definitivt – men har vi industrielle aktørar, produksjonsmessige fortrinn, marked og ikkje minst rammevilkår som gjer dette mogleg ?

I løpet av dei siste 3 tiår har vi dessverre bygd ned betydeleg industri framfor å skape ny. Skogindustrien er eit godt døme – eller därleg døme rettare sagt. Norge har som eit av få land i Europa eit berekraftig potensiale til å auke hogsten. Vi kan foredle råstoff til produkt. Vi har eit marked som etterspør trebaserte produkt i aukande grad – og vi veit vi treng nye grønne arbeidsplassar. Likevel investerast det svært lite i eksisterande og ny industri i Norge. Våre naboar – Sverige og Finland – har hatt ein sterk vekst i auka industriell kapasitet på tømmerforedling. Vi derimot har gått frå å importere tømmer til å bli ein råstoffeksportør. Det skaper mindre verdiar, det skaper få nye arbeidsplassar og det bidrar lite til grønn omstilling i Norge.

Vi investerer kun 20-30 milliardar i året i landbasert industri i Norge. Dette må endrast radikalt om vi skal ha nubbesjans til å sikre grunnlaget for velferd samtidig som vil skal oppfylle forpliktelsane i klimapolitikken. Til samanlikning var investeringane var investeringane i oljeindustrien om lag 7 gangar høgare enn dette i 2019. Vi meiner ein bør ha ambisjon om å auke investeringsnivået med 50 % i landbasert industri. Men då må vi både ville det – ha det som mål – og ha virkemiddel som faktisk skaper resultat. Det skal vi høyre meir om i dag.

For skogeigerane som eg representerer er vi opptatt av å bidra til ei bærekraftig utvikling – både i skogen og for landet. Vi kan auke produksjonen – som også er eit svært godt klimatiltak jamfør klimaplanen som kom 8. januar. Vi meiner det er bra å foredle råstoffet i landet – det skaper større verdiar. Sist men ikkje minst – eksport er ein heilt nødvendig strategi per i dag – men vi trur det er vesentleg for norsk skogbruk på lang sikt å ha ein solid, moderne og utviklingsorientert norsk industri. Ambisjonen må være å minst foredla eit volum tilsvarende den årlege hogsten i norske skogar!